



Høyanger kommune

Eining plan og forvaltning

Landbruksdirektoratet

Saksnr. 25/1214 Dok-ID 25/18372 Arkivkode K40 Sakshandsamar RAD Dato: 27.10.2025

Sak 24/83140 - Høring av strategi for forvaltning av hjortvilt

Viltneemnda i Høyanger kommune har vorte samde om å gje følgjande innspel til høyringsutkastet til strategi for forvaltning av hjortevilt:

Kommunen si sentrale rolle i hjorteviltforvalninga og at mange kommunar ikkje har ressursar til å prioritere dette arbeidet i tilstrekkeleg grad står omtalt i strategien. Det er likevel viktig å understreke kor viktig det er å tilføre kommunane meir ressursar skal ein lukkast med implementering av ny hjorteviltstrategi.

Vidare vil ein kommentere på følgjande punkt;

Delkapittel 2. Arealbrukskonflikter, s. 15, fokusområde 2.4 Utgifter ved vilt påkjørsler:

Uttale: Per no brukar Høyanger kommune mykje midlar frå det kommunale viltfondet til ettersøk i samband med påkøyrd hjort. E39 går gjennom delar av kommunen (Lavik-Vadheim) og talet på ettersøk særleg på denne vegstrekninga har auka vesentleg dei siste åra. Desse midlane burde vore nytta til andre viktige prosjekt og til å fremje arbeidet med viltforvaltning. Det er difor på høg tid at dette vert tatt opp på overordna nivå slik at handtering av skada vilt etter påkjørsler kan finansierast med andre midlar.

Delkapittel 4. Fremtidens jaktutøvelse, s. 18, avsnitt 4 [Ny teknologi... kloke vurderinger basert på oppdatert kunnskap]:

Uttale: dette avsnittet blir for vagt. Det betyr at jakta kan gå døgnet rundt i fire månadar, dette er ikkje akseptabelt, då det ikkje er god dyrevelferd.

Delkapittel 4. Fremtidens jaktutøvelse, s. 19 4.3 Teknologisk utvikling

4.3 Teknologisk utvikling	Tillate bruk av ny teknologi dersom den bidrar til å nå strategiens visjon. Sette kloke krav til bruken av ny teknologi og til utøverne.	Departement	2026
----------------------------------	---	-------------	------

Uttale: tiltaket er altfor vagt. Dette er å seie ja til termisk kikkert på gevær og jakt heile døgnet. Kva «kloke krav» skal settast til bruk og utøvarane, dette vert igjen altfor vagt. Kven skal følgje opp at «kloke krav» vert gjennomført.

(I Lavikområdet på ein radius 8 km er det 3 hjortefall som ikkje er lovlege i første månad av jakta).

Delkapittel 4. Fremtidens jaktutøvelse, s. 19 4.1. Jaktseleksjon

Fokusområde	Tiltak	Ansvar	Tidsfrist
4.1 Jaktseleksjon	Oppdatere regelverket slik at det i størst mulig grad bidrar til å nå visjonen.	Departement Direktorat	2027
	Holdningsskapende arbeid for å oppnå at jaktutøvelsen fører til "Robuste bestander i en natur i endring".	Alle	Løpende

Uttale: Sosiale media (facebook og instagram) legg opp til å syne uttak av dei største dyra, dette er profilerte personar innan jakt (mellom anna Kristoffer Claussen). Dette er i kontrast til det som er som er tiltaket «Robuste bestander i en natur i endring».

Med helsing

Randi Dale
jordbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent dersom det ikkje er signert